



Arkivnr: 2018/16564-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018

## Revidering av retningslinjer for tilskotsordning lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge og samanslåing av fylkeskommunale tilskotsordningar frå 2019

### Samandrag

I samband med arbeidet med samanslåingsprosessen til Vestland fylkeskommune, er det gjort ei kartlegging og gjennomgang av tilskotsordningane på m.a. kultur og idrettsavdelinga, der ein også ser på utviklinga av desse. Det er naturleg at nokre vert avvikla og at nokre held fram. Dei som framleis skal gjelde bør spissast meir og gjerne også slått saman der det høver målsetjinga.

Når det gjeld tilskotsordninga for lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge, tilrår fylkesrådmannen å spisse denne endå meir mot særlege satsingsområder. Dokumentasjon av turbruk ved å investere i teljepunkt vert teken ut av denne ordninga og overført til den nye tilskotsordninga *friluftslivets ferdselsårer*. Det er i tillegg tenleg å implementere ordninga til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge inn i ordninga for lavterskel fysisk aktivitet.

Overføringa av ordning for folkehelse og sykkelvanar gjer at det ikkje lenger er trong for at tre kommunar skal vere involvert i prosjektet, dei økonomiske søknadsrammene vert dei same som for lavterskel-ordninga og søknadane vert sett i samanheng med andre fylkeskommunale tilskot retta mot sykkelsatsing. Som vist i forslag til reviderte retningslinjer, er følgjande område prioritert;

### Prioriterte prosjekt:

1. Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
2. Tiltak knytt til utvikling av aktive og attraktive skulegardar
3. Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom
4. Tilskot knytt til sykkelvanar for barn og unge
5. Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv

**Økonomi:** Budsjettpost for tilskotsordning for regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar var på kr 500 000,- i 2018, og ligg inne med forslag til same sum i 2019. Summen vert overført til tilskotsordning for lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge, som ligg inne med kr. 2 040 000,- i budsjettforslag for 2019, som er tilsvarende som 2018. Totalt vil den reviderte ordninga ha kr. 2 540 000,- til fordeling med atterhald om budsjettvedtak i fylkestinget 11.-12. desember 2018.

**Klima:** Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggjarane sine nærmiljø.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

**Regional planstrategi:** Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

## **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjer følgjande justering av dei to tilskotsordningane *Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge* og *Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*

1. Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge vert implementert i tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom.
2. Reviderte retningsliner for ordninga tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom vert vedtekne.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 13.11.2018

## Forslag til reviderte retningslinjer;

### Kven kan søkje

Kommunar og frivillige organisasjonar. Det blir ikkje gjeve tilskot til fortenestebaserte verksemdar.

### Kva kan du få støtte til

Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar.

Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Vi oppmodar kommunar og organisasjonar til å samarbeide. Det blir ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift. Tiltak som har fått tilskot i tre år i denne ordninga blir ikkje prioriterte.

### Prioriterte prosjekt:

1. Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
2. Tiltak knytt til utvikling av aktive og attraktive skulegardar
3. Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom
4. Tilskot knytt til sykkelvanar for barn og unge
5. Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv

Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per/time).

### Føremål med ordninga

Ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag.

### Følgjande vilkår må vere oppfylt for at tilskot skal kunne tildelast:

- Midlane skal gå til prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom med hovudfokus på nærmiljøprosjekt.
- Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av aktivitetar.
- Tilskot til tiltaket kan ikkje overstige 50 % av den totale kostnaden.
- Tiltaket må gjennomførast innan utgangen av tildelingsåret.

### Tildeling av tilskot til søknadar som fyller grunnvilkåra blir vurdert med utgangspunkt i formålet med ordninga, der det mellom anna. blir lagt vekt på følgjande moment:

- I kva grad det har vore medverknad frå målgruppa i utvikling og gjennomføringa av tiltaket.
- I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (kommunar og organisasjonar).
- I kva grad bygger tiltaket ny kompetanse og om det har overføringsverdi.

Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunnjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunnjevast. Utvalet har møte ei gong i månaden.

Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast.

Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema og m.a. innehalde: Dokumentasjon som kort gjer greie for målet for tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført, kven som er involvert, framdriftsplan og ei skildring av korleis tiltaket skal vidareførast etter tilskotsperioden. Finansieringsplan/budsjett for tiltaket.

Om tiltaket er støtta/søkt om frå andre fylkeskommunale/statlege tilskotsordningar, skal dette informerast om i søknaden. Mangelfull søknad vert ikkje handsama.

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. januar påfølgande år. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Ev. dokumentasjon i form av foto, link til nettside, avisutklipp e.l. Hordaland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Om tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Vesentlege avvik frå prosjektsøknaden kan føre til tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.